

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.03.2018

### Handsaming i møte

Før det formelle møtet arrangerte Deloitte kurs innan habilitet, for kontrollutvalet og administrasjonen i Hordaland fylkeskommune. På slutten av kurset presenterte leiar av fylkessekretariatet, Bertil Søfteland, rutinar som er innført i Hordaland fylkeskommune på dette feltet.

### Møte i kontrollutvalet 05.06.2018:

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har teke opp spørsmålet om det går an å endre møtedatoen for møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 05.06.2018 til 04.06.2018 med tanke på å få til eit felles videomøte med dei i starten av møtet.

Kontrollutvalet slutta seg til dette.

### Felles folkevaldopplæring saman med de 3 andre kontrollutvala i fylkeskommunane på Vestlandet:

Det vart semje om at kontrollutvalet ønsjer å delta på slik felles folkevaldopplæring på hausten 2018. Aktuelle dagar i veke 46, (13.) 14. – 15.11.18. Reserve veke 45. Det er også ønskjeleg å prøve å samkjøre dette med møtet i kontrollutvalet som er planlagt til 19.11.18.

### Habilitets vurdering i sak PS 8/18 i fylkestinget 07.03.2018:

Kontrollutvalet ber Deloitte lage ei juridisk betenkning i høve habilitetsvurderingar i samband med handsaming av revisjonsrapportar i fylkestinget. Dette gjeld om fylkestingsrepresentantar kan vera ugilde når dei t.d. har vore intervjuet eller vore deltakar i ei spørjeundersøking som skal danne grunnlag for ein revisjonsrapport. Utgangspunkt kan vera desse sakene:

- Sak PS 8/18 «Forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del2» – Revisjonsrapport» i fylkestinget 07.03.2018
- Revisjonsrapport om «Arkiv og offentlegheit» som skal handsamast i kontrollutvalet 07.05.2018 og i fylkestinget 12.06.2018 der alle fylkestingsrepresentantane vart bedne om å svare på ei spørjeundersøking som ein del av grunnlaget for revisjonen
- Fylkesvaraordførar uttrykte i samband med handsaming av sak PS 8/18 i fylkestinget 07.03.2018 at han hadde vore intervjuet i samband med fleire forvaltningsrevisjonar utan at han hadde fått vurdert sin habilitet i samband med handsaminga i fylkestinget

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Møtet i kontrollutvalet 05.06.2018 vert endra til 04.06.2018 der første del vert sett av til felles videomøte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
2. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ønsjer å delta på felles folkevaldopplæring saman med dei tre andre kontrollutvala i fylkeskommunane på Vestlandet, fortrinsvis (13.) 14. – 15.11.18, med veke 45 som reserveveke.
3. Kontrollutvalet ber Deloitte lage ei juridisk betenkning i høve habilitetsvurderingar i samband med handsaming av revisjonsrapportar i fylkestinget. Dette gjeld om fylkestingsrepresentantar kan vera ugilde når dei t.d. har vore intervjuet eller vore deltakar i ei spørjeundersøking som skal danne noko av grunnlaget for ein revisjonsrapport.